Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 20/4000 - 20/9307 | Ketil Mikkelsen<br>ketil.mikkelsen@alver.kommune.no | 21.02.2020 |

# Dispensasjon frå byggegrense til kommunal veg - GBNR 323/168 Frekhaug

Saka gjeldt søknad om dispensasjon frå avstandskravet på 15m til midt kommunal veg for etablering av carport med buer.

**Saksutgreiing:**
Informasjon om saka:
Eksisterande garasje/carport skal rivast og ny carport med buer skal etablerast.

Vurdering/drøfting
Plasseringa til ny carport blir som tidligare, med nye buer mot nord. Avstand frå vegmidte vil være 9,6m og frisikt frå hjørne av carport til vegmidte vil være 7,2m. Situasjonen vil såleis ikkje være stort endra frå dagens situasjon. Fleire bygg i området ligg nærare kommunal veg enn avstandskravet på 15m.

Samandrag/konklusjon:
Det kan bli gitt dispensasjon for tiltaket.

**Vedtak:**
Alver kommune gir dispensasjon frå avstandskravet på 15m til midt kommunal veg for plassering av nytt bygg med heimel i veglova §§29 og 30.

Tiltaket kan vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova.
Alver kommune legg til grunn at andre rettar og/eller privatrettslege avtalar er signert og godkjent av eventuelle grunneigarar.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

| | |
|---|---|
| Ørjan Raknes Forthun | Ketil Mikkelsen |
| Rådmann | Ingeniør |
| Alver Kommune | Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Alver kommune | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |